

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland.

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag: - " -

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det har gjenge så opp og ned. Nå brukar xix Då meieri drifta tok til her - ikring siste århundradskifte - hadde dette frå først av den verknad at det vart brukta alt for lite mjölk i hushaldet. Ein var ikkje komen så langt med foring og stell og alsutval den tida, så mjölkemengda rundt ikring på gardane var heller liten. Det vart då til at folk tok alt for lite av mjölkka etter til heimebruk for å få størst mogeleg levering til meieriet.

Men etterkvart som det betra seg med alsutval, foring og stell av dyra og serleg etter at kulturbitedyrkinga tok til så auka det monaleg med mjölkeproduksjonen, så det vart noko til både det eine og det andre. Nå brukar ein jamntover bra mykje mjölk i hushaldet. Om sumaren er det desutan tvangsretur av skumamjölk frå meieriet.

Likevel vert det ikkje brukta so mykje mjölk nå som i tida før kaffien kom i vanleg bruk.

2. Sumarsdag drakk ein mjölk som torstedrykk.

3. Vanleg torstedrykk var sur mjölk eller saup blanda med vatn. I bygdetalen heitte dette "blonna". No er dette slutt.

Öl.

4.

Öl til jammleg kvardagsbruk har har det ikkje vore
bruka her. Det var til storhelgane, seleg til jol, dei brygg-
gja. Og til onnene, mest til slåttonna og til dugnad. Og
til "verskap" - brudlaup, barnedåp, gravöl.

Når dei bryggja laga dei gjerne ein del av det noko
mindre sterkt - det kalla dei tunndrikka.

Kaffi.

5. Kva tid ein tok til med å bruка kaffi veit eg ikkje.

6. Ikring 1870 åra var kaffi vorte nokså vanleg drykk.

Men endå var det helst til gamle folk og til gjester
han vart bruка. Og til högtids. Store kvanta kunde ikje
folk kjöpa i den tida. Det var ikkje pengar til det.

Frå 1870 åra er det fortald om ein bonde her, som var
på bytur i Egersund. Han kom inn på ei krambu og spurde
om dei hadde kaffi på handel. Jau - dei hadde sakta det.

Bonden tok til å leggja ut om alle pengane, som gjekk
med til kaffikjöp. Då han hadde tala frå seg om dette
spurde kjöpmannen: ja, kor mykje skal me so vega opp ?

Åja , sa bonden: Lat det nå vera eit fjarungspurn for det
fyrste. (altso: 124.53 gramm).

Etterkvart som fleire og fleire skulle få vera med og
njota kaffi vart det verre og verre og skaffa pengar til
kaffiutlogene. Dei laut spara på baunene og spedde på med
tilsetning. Det vart brukta masse cichorie i den tida. Av
denne var det two slag: det eine var i runde stenge lik-
nande gamledags lakritsstenger. Den var det noko sötsmak
i, den åt ungane gjerne rå, ifall dei fekk tak i noko.

7. Til vanleg two gonger for dagen : morgonkaffi og etter-middagskaffi.

frå

8. Ein tappar varmt vatn varmvatnsbehaldaren på kjelen og tömer den grovmalne kaffien oppi. Ein traktar ikkje kaffien, hellerikkje har ein klåreskinn, eggeskål eller anna i kaffien. Frå eg var barn - for ca. 70 år sidan - hugsar eg sume brukta klåreskinn i kaffien. Men dette er det slutt med. Spåing i kaffigrut anna enn for spök har eg aldreg köyrt gjete her.

9. Til kvardags brukar ein helst kaffien utan sukker.

Men til helg og högtid og til gjester skal det vera sukker attåt. Helst raffinade, stundom går det med strösukker. Tidlegare brukar dei kandis eller kokt sukker, som dei kjøpte.

10. Det har vore gamal regel at det skulle fløyte til kaffien. Til högtids og til framandfolk tjukk, god fløyte.

Men i dei siste par åra har mange teke til med å drikka kaffien utan noko tilsetnad. Det mest vanlege er likevel at ein har fløyte attåt, men til kvardags nokså sterkt opblanda med mjölk.

Te.

11. Nei.

Brennevin.

12. Svært lite. Det kunde vera ein dram etter eit sers tungt tak.

Nyare drykk.

13. Mest inkje. Det fell for dyrt. Det er berre ein hende gong ved festlege höve slikt drikka vert brukta.